

Konsekvensutgreiing bustad, areal og transport for detaljreguleringsplan på Eidsnes



Datert 15.04.2021


Prosjekt: Detaljregulering for Eidsnes	Rapportdato: 15.04.2021 Revidert
Fylke: Vestland	Kommune: Alver
Stad: Eidsnes	
Oppdragsgjevar:	Forfatter: Bjørnar Ophaug Boge

Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Overordna mål og retningslinjer	3
2. Mobilitetsanalyse	4
3. Trafikkanalyse.....	6
3.1 Trafikkmengd.....	6
3.2 Trafikkulykker	7
3.3 Farleg Skuleveg.....	8
4. Konsekvensar av tiltaket	10
5. Oppsummering og konklusjon	10

1. Innleiing

Formålet med planen er å utvikle egedomen 215/88 og 215/89 i Alver kommune og leggje til rette for til saman fem einbustader. Planområdet ligg langs Fv.5654 Eidsnesvegen, ca. 6,4 km aust frå nærsenteret Ostereidet og ca. 13 km vest frå kommunesenteret Knarvik. Tilkomst til planområdet er frå E39 Osterfjordvegen, vidare frå Fv.5456 Eidsnesvegen.



Figur 1: Oversiktskart

Til oppstart av og ved tilbakemeldingar til planprogrammet vart det presisert at tilhøva i forhold til bustad, areal og transport skal undersøkast. Utgreiinga skal vurdere kva verknadar bustadutbygginga vil ha for trafikksystemet. Det skal i denne samanheng vurderast kapasitet på vegane, kryssutforming og tilhøva til mjuke trafikkantar (mobilitetsanalysa) og ei vurdering av tiltaka opp mot overordna retningslinjer

1.1 Overordna mål og retningslinjer

Nullvisjonen

Regjeringa har gjennom fleire planperiodar med nasjonal transportplan (NTP) nedfelt ein visjon om at ingen skal verte omkomne eller hardt skada i vegtrafikken. Denne visjonen vart for første gong vedteken av Stortinget i 2002.

Statleg planretningslinje for samordna bustad, areal- og transportplanlegging

I Statleg planretningslinje for samordna bustad, areal- og transportplanlegging er det eit mål at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk, effektiv ressursutnytting med miljømessige gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, trafikksikre område og effektiv trafikkavvikling/reduisert transportbehov. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige og kompakte byar og tettstader, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og sikkerheit. Det skal òg leggast til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i områder med press på bustadmarknaden.


2. Mobilitetsanalyse

Mobilitetsplan som utarbeidast i forbindelse med reguleringsplanar skal innehalde ei analyse av områdets forutsetningar for å oppnå målet om låg personbiltrafikk.

ABC-kategorisering skal sikre at riktig type verksemd vert lokalisert i områder som møter reisebehovet på en miljøvennleg og berekraftig måte. I Rapport frå Hordaland Fylkeskommune – Regional areal- og transportplan for Bergensregionen, Temarapport 3 – transport, er det utarbeida ein ABC-kategorisering av Bergensregionen.

ABC-karta er utarbeida for å vurdere områda sin tilgjengelegheit med ulike transportformer.


- A-område: God tilgjengelegheit for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengar.
- B-områder: Middels god tilgjengelegheit for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengarar.
- C-områder: God tilgjengelegheit for bil og tungtrafikk.
- D1-områder: Byområde med relativt god tilgjengelegheit, men utan hovudårar for bil og kollektivtrafikk.
- D2-områder: Områder med relativt dårleg tilgjengelegheit for alle



Figur 2: ABC-kart. Kartet viser at planområdet ligger i D2-område

Planområdet ligg langs Fv.5654 Eidsnesvegen, ca. 6,4 km aust frå nærsenteret Ostereidet og ca. 13 km vest frå kommunesenteret Knarvik. Nærmaste kollektivhaldeplass er lokalisert ved Eidsnesvegen ca. 50

meter frå planområdet. Her går linje 353 (Ådnekvam <> Andvik <> Masfjordnes <> Andås/ Knarvik <> Bergen). Nærmaste skule ligg i Eikanger ca. 1,9 km vest for planområdet. Nærmaste butikk er Matkroken Hjelmås ca. 4,5 km frå planområdet.



Figur 3: Kommunikasjon

3. Trafikkanalyse

3.1 Trafikkmengd


Trafikkdata for dagens situasjon er henta frå Nasjonal vegdatabank (NVDB). E39 har ved kryss Eidsneset ein årstdøgnsstrafikk (ÅDT) på 5300, 12% tunge køyretøy og fartsgrense 70 km/t. Fv. 5456 har ein årstdøgnsstrafikk (ÅDT) på 300, 5% tunge køyretøy, fartsgrense 50 km/t. Fylkesvegen har frå kryss til E39 fram til planområde varierende vegbreidde mellom 4-7 meter og er tilrettelagt med fleire møtelommer.



Figur 4: Trafikkmengder 2019 (ÅDT). Kjelde: Statens vegvesen, Nasjonal vegdatabank.

3.2 Trafikkulykker

Basert på registreringar av personskadeulykker i området dei siste 15 åra er det ingen indikasjon på at det er spesielle ulykkespunkt eller utryggleikspunkt i området.




Figur 5: Trafikkulykker dei siste 15 åra. Kjelde: Statens vegvesen, Nasjonal vegdatabank 2021.

Langs fylkesvegen er registrert ei fotgjengarulykke (2013), fotgjengar vart påkøyrd av bil. Skadegrad: Lettare personskade. Ulykkesstatistikken langs fv. 5456 Eidsnesvegen syner at dette er ein strekning som ikkje er særleg utsett for trafikkulykker.

3.3 Farleg Skuleveg


Fv. 5456 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen er vurdert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg i «Analyse for særleg farleg skuleveg i Lindås kommune» frå 2016:

Vegen er dårleg sikra for alle trafikantar over Eidsnesstraumen. Smal vegbreidd og låg murkant. Like ved brua er det kurve med dårleg sikt. Skuleborn har krav på skuleskyss som følgje av dette.




Figur 8: Registrering av særleg farleg skuleveg. (Kjelde: Norconsult)

Er det fortau/ gang og sykkelveg på strekninga: Nei
Fartsgrense: 50 km/t
ÅDT: 300
Vegbreidd: Under 4 meter
Belysning: Delvis



Figur 7: Ved Eidsnesstraumen. (Kjelde: Norconsult)



Figur 6: Ved Eidsnesstraumen. (Kjelde: Norconsult)

Rapporten kom med følgjande forslag til tiltak: Utvide brua og sikring med rekkverk. I tillegg siktutbetre kurva ved å sprengje vekk knaus. Dette vil kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg». Etter 2016 er det utført store utbetringar på vegen. Knausen er sprengt vekk og det er no god sikt rundt svingen og mot brua, sjå bilete under.



Figur 9: Fv 5456 (før 393) på brua sett mot aust (kjelde www.google.com)




Figur 10: Fv 5456 (før 393) før svingen, sett mot vest (kjelde www.google.com)

4. Konsekvensar av tiltaket

Det er utført ei enkel berekning av forventna nyskapt trafikk frå planområdet på døgnnivå (ÅDT). For å berekne framtidig trafikkmengd på Fv.5456 Eidsnesvegen er Statens vegvesen si Handbok 146- Trafikkberekingar, nytta. I handboka er det angitt intervall for bilturar for bustadar. Handboka er utarbeida på slutten av 1980-talet. Forutsetningane har sidan 1980-talet endra seg. Dette er mellom anna reisemønster, kollektivdekning, gang- og sykkelvegnett, parkeringsnormer og avgifter for bruk av bil (bompengar, drivstoffavgifter). I handboka er det angitt eit intervall på 2,5 – 5 bilturar per døgn (Statens vegvesen, 1989).

Erfaringstalla frå handboka er i denne analysa nytta som rettleiande. Grunna området plassering i høve til viktige målpunkt og busstopp er ein faktor på 4 nytta for berekning av framtidig bilturar per bustad per døgn. Planen legg opp til 5 bueingar. Dette gjer ein berekna ÅDT på ca. 20 ÅDT. Dagens veg er dimensjonert til å kunne handtere den auka trafikkmengda. Det er anbefalt i Statens Vegvesen handbok at ved meir trafikk enn 500 ÅDT bør vegar planleggast med tofelts veg (sjå statens vegvesen handbok N100, s41, 2018). Planforslaget ligger til rette for 5 bustadeiningar. Dette utgjer ca. 20 ÅDT (5*4), totalt 325 ÅDT.

Foreløpige illustrasjonar av planløyising indikerer avkøyrsele til bustadområdet ved bruk av dagens avkøyrsele:



Figur 11: Utsnitt av plankart datert 09.04.2021

Krysset er sikra med tilstrekkeleg sikt, stigning, stigningstilhøve/ utforming i plankartet.

Tiltaket kan gje noko auka eksponering av biltrafikk og gåande/syklende, men auken i potensielle konfliktsituasjonar bil/gående vert vurdert som liten ved at både biltrafikken og gang/sykeltrafikk i området er låg i utgangspunktet, og endringane som følge av tiltaket er små.

5. Oppsummering og konklusjon

Det planlagde bustadområdet ligg i LNF område og er relativt langt borte frå det definerte nærsenteret Ostereidet og andre sørvestilbod. Slik vi ser det er planen i strid med Statleg planretningslinje for samordna bustad, areal- og transportplanlegging. Samstundes ligg planområdet tett på busstopp (4

avgangar om dagen), er i gangavstand til skule (under 2 km) og området ligg utanfor 100-metersbeltet og det er ikkje store landbruksverdiar som går tapt som følgje av utbygginga. Skal ein tillate fleire bustadar på Eidsnes så vil dette vere ein fornuftig plassering. I følgje strategi 32 (Kommuneplanen 2017-2029 Samfunnsdelen) , skal ein leggje til rette for spreidd busetnad og mindre byggjefelt i heile kommunen. Ein skal og leggje til rette for LNF spreidd, og spreidd bustadbygging på bygdene.

Dagens ÅDT på Eidsnesvegen er 300 ÅDT. Det er forventa at planen vil føra til ein auke i trafikkmengd med 20 ÅDT. Planen legg opp til 5 bueiningar. Dagens veg er dimensjonert til å kunne handtere den auka trafikkmengda. Det er anbefalt i Statens Vegvesen handbok at ved meir trafikk enn 500 ÅDT bør vegar planleggast med tofelts veg (sjå statens vegvesen handbok N100, s41, 2018). Planforslaget ligger til rette for 5 bustadeiningar. Dette utgjer ca. 20 ÅDT (5*4), totalt 325 ÅDT.

Foreløpige illustrasjonar av planløyising indikerer avkøyrsl til bustadområdet ved bruk av dagens avkøyrsl. Krysset er sikra med tilstrekkeleg sikt og stigningstilhøve/utforming iht handbøkene.

Fv. 5456 Eidsnesvegen er ved Eidsnesstraumen definert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg i «Analyse for særleg farleg skuleveg i Lindås kommune» frå 2016.

6. Kjelder

Statens vegvesen (1989) 'Håndbok-146 - Trafikkberegninger'. Oslo, p. 133.

Statens vegvesen (2018) Håndbok N100 Henta frå: <https://www.vegvesen.no/attachment/61414>

Statens vegvesen (2021) Statens vegvesen - Nasjonalvegdatabase. Henta frå:

<https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@600000,7225000,3>

Noconsult (2016) - Analyse for særleg farleg skuleveg i Lindås kommune: Henta frå:

<https://www.alver.kommune.no/contentassets/e7c63bbb7bf84d2ab8f53cb8379a5f7f/analyse-sarleg-farlege-skulevegar.pdf>